

FAU Sandnes barnehage

Sandnesstykket 1

5981 MASFJORDNES

Sandnes 30.09.2018

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

### **Uttale fra FAU Sandnes barnehage om samanslåing av ungdomsskular**

FAU Sandnes barnehage stiller spørsmål med høyringa der plassering av ungdomskule/ungdomsskular ikkje er nemnt. I tillegg saknar me meir informasjon om den praktiske organiseringa og gjennomføringa av ei eventuell samanslåing. Fleire elevar i klassane og såleis større klassar er foreldra positive til i utgangspunktet, men FAU Sandnes barnehage ynskjer at det skal vera tilvekst og levande bygder i alle deler av kommunen vår, og vil dermed oppretthalda dagens struktur. Det er svært viktig for sørsida som bygd å oppretthalda dei tilboda ein har i dag med skulen som viktig arena både i skuletida og på fritida. Det er viktig å sikra 1-10 skule på Sandnes for å oppretthalda eit godt skule- og fagmiljø for alle elevane på sørsida, på tvers av aldersgrenser. Me er kritiske til at somme av elevane våre i kommunen får endå lenger reiseveg. Me fryktar også at det går utover tilboda etter skuletid og deltaking på desse. Ungdomsskulen på Sandnes er viktig for lokalsamfunnet på sørsida. Foreldra er oppteken av tilvekst og tilflytting i alle deler av kommunen, og då er skulen avgjerande for busetjing.

FAU Sandnes barnehage ynskjer ikkje skulesamanslåing på noverande tidspunkt. Diskusjonen om eventuelt ei samanslåing må venta til ein veit meir konkret om bru.

Sandnes 30.09.18

Lillian Andvik

-FAU Sandnes barnehage-

Merete Myhr Hope

- FAU Sandnes barnehage-

Renee Kårtveit

-FAU Sandnes barnehage-